



Haustetidsvurderingar for Nordfjord i veke 39, 26. sept 2022

Måndag 26. september er det teke ut haustetidsprøvar av Raud Aroma, Eden og Asfari.

Gravenstein er under hausting og det er ikkje teke ut nye prøvar denne veka. Aroma står no for tur og i tidlege felt kan ein ta fyrste overplukking utover denne veka. Seine felt bør henge på til komande helg. Asfari har jamn og god utvikling og kan haustast denne veka. Eden bør henge på nokre dagar og kan starthaustast til komande helg. Merk at sorten har ujamn utvikling på trea og bør haustast i tre omgangar.

Raud Aroma

Optimalverdiar ved hausting

Grunnfarge: C3

Dekkfarge: 50 %

Fastleik: 6-8 kg/cm²

Sukkerinnhald: Min 11,2 %

Stiveinnhald: 4-6

Streif-index: 0,09-0,2



Raud Aroma med fin fargeutvikling

Raud Aroma

Dyrkar	KO Loen			E Hamre	
Adresse	Loen			Loen	
Prøve nr	1			2	
Dato	12.09.2022	19.09.2022	26.09.2022	19.09.2022	26.09.2022
Fruktvekt (g)	178	186	194	193	191
Avlingsnivå	2-3	2-3	2-3	3	3
Grunnfarge	C2	C2	C2-C3	C2	C2-C3
Fastleik	7,9	7,0	7,2	6,9	6,8
Sukker	11,3	11,8	11,9	11,1	11,9
Stive	2,0	2,9	3,8	2,6	3,6
Streifverdi	0,348	0,206	0,159	0,237	0,158



Raud Aroma prøve 1:



Grunnfargen har skifta frå C2 til C3 og den raude dekkfargen er blitt meir skinande.



Stivenedbrytinga er godt i gang, men er noko ujamn. Sukkerinnhaldet er godt over kravet og fastleik er i optimalområdet. Feltet kan starthauastast ut i denne veka. Plukking i fleire omgangar.

Raud Aroma prøve 2:



Grunnfargen er blitt lysare og dekkfargen skinande raud på godt utvikla eple.



Stiveinnhald Raud Aroma prøve 2. Det er litt meir stive att i epla enn i prøve 1, men er i optimalområdet på frukt som er komen lengst i utvikling. Sukkerinnhaldet er høgt. Epla er mjukare enn i prøve 1, og feltet kan starthastast utover i denne veka. Plukking i fleire omgangar.

Eden

Optimalverdiar for hausting er ikkje fastsett for denne sorten.

Dyrkar	OR Lyslo			
Adresse	Innvik			
Dato	05.09.2022	12.09.2022	19.09.2022	26.09.22
Fruktvekt (g)	135	159	174	167
Avlingsnivå	2-3	2-3	2-3	2-3
Grunnfarge	C1-C2	C2	C2	C3-C4
Fastleik	10,1	10,3	9,6	9,5
Sukker	9,7	10,1	10,2	10,5
Stive	1,2	1,7	3,2	4,5
Streifverdi	0,863	0,601	0,295	0,202

Utviklinga gjennom uttak av haustetidsprøvar med Eden i fire veker viser at sorten treng tid for å bli hausteklar. Dei to åra ein har gjort målingar på sorten ser det ut som den kan samanliknast med haustetid for Aroma.



Stivenedbrytinga i Eden har siste veka auka frå 3,2 til 4,5. Sukkerinnhaldet har auka til 10,5. Dette er likevel betydeleg lågare sukkerinnhald enn i fjor, som vart målt til 13,4 ved starthasting.

Fargeutviklinga har blitt betre for grunnfargen som no er skifta frå C2 til C3-C4. Dekkfargen er blitt jamnare og har fått friskare raudfarge siste veka. Eden er likevel ujamnt utvikla på trea, med tydeleg uferdige eple som har svak dekkfarge og grunnfarge i blanding med frukt som nærmar seg haustestart. Dette krev delt hausting i fleire omgangar, truleg er det behov for tre overplukkingar. På dette bruket blir det tilrådd å ta fyrste overplukking i Raud Aroma før ein tek ut fyrste hausting av Eden mot slutten av denne veka.

Asfari

Optimalverdiar for hausting er ikkje fastsett for denne sorten.

Dyrkar	B Tystad		
Adresse	Sandane		
Dato	12.09.2022	19.09.2022	26.09.2022
Fruktvekt (g)	162	171	185
Avlingsnivå	3	3	3
Grunnfarge	C1-C2	C2	C3
Fastleik	7,2	7,1	6,7
Sukker	11,7	12,7	12,6
Stive	2,2	2,5	3,9
Streifverdi	0,281	0,222	0,137



Fargeutvikling Asfari:

Asfari har fått fin fargeutvikling siste veka med eit lett raudskjer på solsida og ein smørgul grunnfarge.



Stiveinnhald i Asfari:



Stiveverdiane har auke frå 2,5 til 3,9 siste veka og epla har mjukna ein god del. Sukkerinnhaldet er på 12,6 og epla held på å utvikle den aromatiske smaken som kjenneteiknar sorten. Hausting kan ta til ut i denne veka.

Dette blir den siste ordinære haustetidsvurderinga denne sesongen. Men vi kjem til å følgje med på utviklinga i ein hage med raud Elstar-mutant.

Helsing
NLR Vest
v/Synneve Øien Frøyen/Rune Vereide